

Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam 2024

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskular som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skular med rett til statstilskott

Les om lovkravet: [§ 13-3e. Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling \(https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-3e\)](https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-3e)

Personvern

Tal som blir lasta inn kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

1. Samandrag	3
2. Elevar og lærarar	4
2.1. Tal elevar	4
2.2. Lærartettleik	5
2.3. Undervisningspersonale	8
3. Læringsmiljø	9
3.1. Elevundersøkinga	9
3.2. Mobbing på skulen	10
4. Nasjonale prøvar	13
4.1. Nasjonale prøvar mellomtrinn	13
4.2. Nasjonale prøvar ungdomstrinn	14
4.3. Karakterar og grunnskulepoeng	15
4.4. Grunnskulepoeng	19
5. Skulebidrag	20
6. Fråvær og gjennomføring	23
6.1. Fråvær	23
6.2. Overgangar	24
7. Ein skule for alle	25
7.1. Organisasjonsutvikling	26
7.1.1. Oppfølgingsordninga	26
7.1.2. Desentralisert kompetanseutvikling	28
7.1.3. Vidareutdanning	28
7.1.4. Kurs tilsette	29
7.2. Tilsyn	30
7.3. Oppfølging av politiske vedtak	31
7.4. Rutinar/ systemarbeid som er under arbeid	33
7.4.1. Betre tverrfagleg innsats (BTI)	35
7.5. PPT	36
7.6. Spesialundervisning	38
7.7. Særskilt språkopplæring	38
7.8. Skulefritidsordninga (SFO)	39

8. Innblikk kvar skule.....	40
8.1. Strandebarm skule	40
8.2. Tørvikbygd skule.....	42
8.3. Norheimsund skule	44
8.4. Øystese skule.....	46
8.5. Kvam ungdomsskule.....	47
8.6. Ålvik skule.....	49
8.7. Vaksenopplæringa.....	51

1. Samandrag

Tal henta frå GSI (Grunnskulen sitt informasjonssystem)

- Kvammaskulane har 1004 elevar
- 69,3 årsverk til ordinær undervisning
- 20,17 årsverk til fagarbeidarar/assistentar/sosialfagleg i skulen
- 24,07 årsverk til spesialundervisning
- 11,66 årsverk er til administrative og pedagogiske leiaroppgåver

Rapporten viser færre resultat enn tidlegare år då reglane for kva som vert gjort offentleg er endra. Ut frå dei resultata skuleeigar har fått kjennskap til, er mange av resultata i tråd med måla i Kvam. Mange elevar melder at dei trivst og har ein god skulekvardag, har god støtte frå lærarane sine, men det er elevar som melder om eit utrygt skulemiljø. Skulane jobbar systematisk med resultata, og dette er ein viktig del av arbeidet i Oppfølgingsordninga. Grunnen til at Kvam herad fekk tilbod om å vera med i Oppfølgingsordninga til Udir i samarbeid med Statsforvaltaren, er at det er store skilnader mellom skulane. Spreiing i resultat kan fortelja at det ikkje er felles haldingar og praksis mellom dei tilsette. Skulane i Kvam har framleis stor spreieing i resultata skuleåret 2023/2024, og det er grunn til å arbeida vidare med ordinær inkluderande undervisning, eit trygt og godt skulemiljø og leiarstøtte.

Rekrutteringssituasjonen er forverra dei siste åra, og det er vanskeleg å finna vikarar med grunnskulekompetanse. Dette går utover elevane, både når det gjeld kvalitet på opplæring og vidare i arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

2. Elevar og lærarar

2.1. Tal elevar

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Skulane har eigna tilsette med god klasseleiing, struktur, elevsyn og relasjonskompetanse.

Alle lærarane har godkjenning i faga dei underviser i, i samsvar med kompetansekrava i rundskriv Udir-3-2015.

Dei som i dag gjer seg nytte av overgangsordningane som gjeld til 2025, har godkjend utdanning i faga dei underviser i når overgangsperioden er over.

Elevtal:

	2021/22	2022/23	2023/24
Kvam herad	990	1019	1004
Kvam ungdomsskule	247	239	260
Norheimsund skule	279	306	285
Strandebarm skule	137	138	142
Tørvikbygd skule	33	31	24
Øystese skule	250	263	253
Ålvik skule	44	42	40

Tal henta frå GSI

Skuleeigar si vurdering

Kvam herad har mange flotte, dedikerte lærarar med god kompetanse innan fag og relasjonar, og er gode klasseleiarar som gjennomfører gode og varierte undervisningsopplegg til beste for elevane. Skuleåret 2023/2024 har Kvammaskulane ikkje nok tilsette på skulane, det går utover kvaliteten på driften av skulane, både når det gjeld fag, klasseleiing og relasjonar. Det tek tid å byggja relasjonar, og for mange elevar er det utfordrande å måtta forhalda seg til nye tilsette og bråe endringar i skulekvardagen.

Det er for få søkjarar til stillingane, og det vert mangel på vikarar utover skuleåret. Dette kan vera ein av dei oppretthaldande faktorane for fleire utfordringar innan skulemiljøet, både med tanke på det psykososiale arbeidsmiljøet for elevar og igjen for tilsette.

Kvam herad har i dei seinare år prioritert søkjarar til Udir sine vidareutdanningar for lærarar, både til stipend- og vikarordning. Når Kvam herad er i Oppfølgingsordninga, vert våre søkjarar prioriterte. Tre lærarar har studert med stipendordning, og ni med vikarordning skuleåret 2023/2024.


2.2. Lærartettleik

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål


Maksimalt 15 elevar per lærar i ordinær undervisning på 1.-4. trinn og maksimalt 20 elevar på 5.-10. trinn slik som nasjonale retningslinjer tilseier.

Kvam herad (EIGAR) Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn Geografisk




samanlikning Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 1.-4. trinn

Kvam herad (EIGAR) Lærartettleiki i ordinær undervisning 5.-7. trinn Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 5.-7. trinn

Kvam herad (EIGAR) Lærartettleiki i ordinær undervisning 8.-10. trinn Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 8.-10. trinn

Kvam herad (EIGAR) Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn Samanlikna med skular i Kvam

Skuleår	Skule	Lærartettleik
2023-24	Kvam Herad (EIGAR)	13,2
2023-24	Norheimsund skule	13,5
2023-24	Strandebarm skule	13,2
2023-24	Tørvikbygd skule	9,1
2023-24	Øystese skule	14,0
2023-24	Ålvik skule	12,3

Kvam herad (EIGAR) Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn Samanlikna med skular i Kvam

Skuleår	Skule	Lærartettleik
2023-24	Kvam Herad (EIGAR)	14,6
2023-24	Norheimsund skule	15,0
2023-24	Strandebarm skule	16,8
2023-24	Tørvikbygd skule	5,0
2023-24	Øystese skule	16,2
2023-24	Ålvik skule	10,1

Kvam herad (EIGAR) Lærartettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn Samanlikna med skular i Kvam

Skuleår	Skule	Lærartettleik
2023-24	Kvam Herad (EIGAR)	18,5
2023-24	Kvam ungdomsskule	19,1
2023-24	Strandebarm skule	16,5


Skuleiegar si vurdering:

Kvam herad har i snitt om lag same lærartettleik som Vestland og nasjonalt, og me driv i tråd med nasjonale føringar. Likevel er det store skilnader mellom skulane, der særleg Tørvikbygd skule har stor lærartettleik samanlikna med dei andre skulane og me ser at storleik har noko å seia for lærartettleiken. Dette krev ekstra ressursar frå skuleramma, og slik må det vera om ein skal ha ei forsvarleg drift av dei minste skulane, Tørvikbygd, Ålvik og Strandebarm.

2.3. Undervisningspersonale


[Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Kvam herad (EIGAR) Årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Årsverk for undervisningspersonale, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

Kvam herad (EIGAR) Del årstimer gitt av personale med godkjend utdanning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

Skuleigar si vurdering

Dei to siste åra har det vore for få søkjarar med godkjend grunnskuleutdanning. Dette kan ha samband med endring av lærarutdanning (no krav om master), men det er og ei nasjonal utfordring at færre søker lærarutdanning. Skuleåret 2023/2024 opplever fleire skular å mangla vikarar gjennom heile skuleåret, frå oppstart i august og med stort sannsyn ut skuleåret. Det er og ei utfordring at søkerane i liten grad søker stillingar ved dei minste skulane i Kvam, Tørvikbygd og

Ålvik, og me får utfordringar knytt til kontinuitet , kompetanse og kvalitetsarbeidet i skulane. Det er ca. 10 % lågare prosent undervisning gitt av personale med godkjend utdanning enn dei andre skulane, og dette utgjer ein del på skular med få tilsette.

Våren 2024 har me igjen mangel på søkjarar med grunnskuleutdanning til skulane våre. Me har lyst ut på nytt vikarstillingar med søknadsfrist 29.05 for å prøva å få fleire lærar med godkjend utdanning til dei stillingane me allereie no veit me manglar folk til grunna langtidssjukemeldingar, men og grunna ny opplæringslov (i kraft 1. august, 2024) som presiserer at "kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og venta fråvær". Dette kombinert med sjukefråvær mellom tilsette i skulen, gjer at det er utfordrande å driva ein god skule for elevane, og det er mykje å gjera for dei tilsette som er på jobb. Sjukefråvær for grunnskule i perioden 01.08.2023- 31.03. 2024 = 9,27 %. om ein tek grunnskule med Vaksenopplæringa er fråvære 8,58% i same periode.

3. Læringsmiljø

3.1. Elevundersøkinga

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane frå Kvam skårar på landsgjennomsnitt eller høgare. Særleg på området elevdemokrati og elevmedverknad skal me verta betre.

Kvam herad (EIGAR) Elevundersøkinga 7. trinn. Geografisk samanlikning

Årgang	Indikator	Kvam herad (EIGAR)	Vestland	Nasjonalt
2023-24	Støtte fra lærer	4,4	4,2	4,2
2023-24	Vurdering for læring	3,7	3,6	3,6
2023-24	Læringskultur	3,8	3,7	3,7
2023-24	Mestring	3,9	3,8	3,9
2023-24	Elevdemokrati og medvirkning	3,9	3,5	3,6

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Kvam herad (EIGAR) Elevundersøkinga 10. trinn. Geografisk samanlikning

Årgang	Indikator	Kvam herad (EIGAR)	Vestland	Nasjonalt
2023-24	Støtte fra lærer	*	3,8	3,9
2023-24	Vurdering for læring	*	3,2	3,2
2023-24	Læringskultur	*	3,6	3,7
2023-24	Mestring	*	3,8	3,8
2023-24	Elevdemokrati og medvirkning	*	3,2	3,2

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleiegar si vurdering

7. trinn: Av omsyn til personvernreglar, er det ikkje alle skulane me får resultat frå, men både når me ser på einskilde skular og samla sett, når me måla for dette området, me har anten om lag same eller betre resultat på samtlege område. Elevmedverknad og elevdemokrati er eit område me no for andre året skårar høgare enn både Vestland og nasjonalt. Det er gledeleg sidan dette har vore eit område me har særleg ynskt forbetring på. Støtte frå lærar er igjen eit område elevane skårar høgt, og er viktig for ein trygg og god skulekvardag for elevane.

10. trinn: Skulane får opp eigne resultat på alle områda, men som de ser er desse unnateke ålmenta. Skulane har anten like eller dårlegare resultat enn Vestland og nasjonalt, og har såleis gjort undersøkingar kring resultata som dei fekk.

3.2. Mobbing på skulen


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevar og føresette skal oppleve at skulane har nulltoleranse for mobbing.


Elevane skårar på eller betre enn landsgjennomsnittet i elevundersøkinga.

Kvam herad (EIGAR) Mobbing på skulen 7. trinn. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Alle kjønn, 7. trinn

Kvam herad (EIGAR) Mobbing på skulen 10. Trinn. Geografisksamanlikning



Kvam Herad (EIGAR), Grunnskole, Mobbing på skulen, Offentlig skole, Alle kjønn, 10. trinn

Skuleeigar si vurdering

Mobbetala for Kvam herad er ikkje offentlege. Ein del av skulane har fått tal, medan andre ikkje. Det er store skilnader mellom skulane, men og innad i skulane der det kan vera store skilnader mellom trinn og klassar og frå år til år. Difor jobbar skulane med oppfølging av resultat på klassenivå, men det kan og vera nødvendig å setja inn innsats på gruppe- eller/og individnivå.

Nedanfor er vist til to døme på arbeid gjort etter høge mobbetal på ulike trinn og skular:

Døme skule 1:

- Samarbeid med miljørettleiar om planar for oppfølging
- Vekentlege undersøkingar om elevar ikkje kjenner på eit trygt og godt skulemiljø
- Oppfølging av elevar med aktivitetsplanar
- Avdekking av uheldig gruppedynamikk med sterkt hierarki og utrygge jenter
- Gjennomført sosiogram, dette vert brukt som grunnlag for pedagogiske grep i undervisningssituasjonar
- Kopla på helsesjukepleiarar som støttespelarar i oppfølging av arbeidet
- Ny undersøking av "dette meiner eg om klassen min" kor innsats viser betring
- Ikkje nye elevar som meldte frå om eit utrygt klassemiljø ved utviklingssamtale mellom elev, skule og heim.

Døme skule 2:

- Gjennomgang av varslingsplikt og prosedyrar med personalet, og følgt opp at desse vert no brukt. Resultatet er at fleire varsel er kome frå tilsette slik at undersøkingar er sett i gang.
- Tiltak i klassar med utfordringar:
 - o Teambuilding som ein del av KRLE-faget for å styrka relasjonar og tryggja elevane
 - o Strategisk deling i kroppsøvningsfaget, ut frå relasjonar og opplevd tryggleik.
 - o Lærarstyrt gruppedeling i klassane
 - o Styrka vakthald i alle friminutt og overgangar i skulekvardagen
 - o Periodevis vaksenstyrte friminutt og timar med spel som skal styrka sosiale relasjonar
 - o Høgare vaksentettleik i friare undervisningssituasjonar

Skulane har uavhengig av om dei får resultata frå elevundersøkinga mykje informasjon om elevar som ikkje opplever trygt og godt skulemiljø, då dei jobbar systematisk med dette ut frå andre kartleggingar og analysar me no gjer i skulane i Kvam.

I samband med Oppfølgingsordninga, har kvar skule si skuleleiing laga seg utfordringsbilete, både med tanke på elevane sine faglege prestasjonar og det psykososiale miljøet. Kvar utfordring har vorte analysert for å finna oppretthaldande faktorar, deretter pedagogiske tiltak og strategiar med referanse frå forking. Dette er ein metodikk leiarane skal bruka vidare, og kvar skule skal setja seg eigne mål, og halda seg informerte om utviklinga av sin skule og setja inn tiltak der det er bruk for det.

4. Nasjonale prøvar

⚡ Frå 2022 starta måling av utvikling over tid på nytt. Resultata frå 2022-23 kan difor ikkje direkte samanliknast med tidlegare år.

Lokale mål

Større fokus på å utfordra elevar fagleg både i lesing, rekning og engelsk, slik at me har fleire elevar som skårar på meistringnivå 3 på barneskulen og 4 og 5 på ungdomsskulen

NB!

Grunna nye prikkereglar vert alle resultata for nasjonale prøvar i 5.trinn, 8. trinn og 9. trinn vist som nedanfor nedanfor i døme for rekning 5. trinn. Me har difor ikkje sett inn tabellane frå kvart fag og trinn, men kommentert resultata ut frå den kunnskapen skuleeigar har.

4.1. Nasjonale prøvar mellomtrinn

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.

■ Mestringsnivå1 ■ Mestringsnivå2 ■ Mestringsnivå3

2023-24

2022-23

2021-22

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Rekning 5.trinn:

Resultata i rekning 5. trinn for Kvam herad er om lag like på nivå 1 som nasjonalt, og litt høgare enn Vestland. Me når difor ikkje målet vårt om å gjera denne gruppa mindre. Men når det gjeld nivå 3, har me fleire i denne kategorien enn både nasjonalt og Vestland dette året. Om me ser på resultat for kvar skule, er desse veldig ulike, kor det er skular som når våre lokale mål og ligg over, og andre som ligg langt under. Resultata må og vurderast ut frå kontekst. Er det få elevar, gir det store utslag i prosent.

Lesing 5. trinn:

Resultata i lesing viser at elevane samla for Kvam har resultat som Vestland, men litt dårlegare enn nasjonale resultat. Det vil sei marginalt fleire elevar som er på nivå 1 og marginalt færre elevar på nivå 3 i lesing. Igjen er det stor skilnad på resultata mellom skulane, og det vil vera skilnad på om skulane har nådd dei lokale måla.

Engelsk 5. trinn:

Samla sett i Kvam når me ikkje våre mål om å ha færre elevar på nivå 1 og fleire på nivå 3. Fleire av skulane har for mange elevar på nivå 1. Om ein ser resultata over tid, ser ein at det er skilnad frå år til år på dei ulike skulane.

4.2. Nasjonale prøvar ungdomstrinn

8. trinn:

Rekning: Resultatet for rekning er om lag som fordelinga på dei ulike nivåa som nasjonalt og Vestland. Målet om at me skal ha færre elevar på 1 og 2 og fleire på 4 og 5, er m.a.o. ikkje nådd.

Lesing: Resultatet viser at me har litt færre elevar som er på nivå 1 og 2 i lesing, og litt fleire på nivå 3 enn nasjonalt og Vestland. På nivå 4 og 5 er resultatet om lag som nasjonalt og Vestland. På dei to ungdomsskulane er det mindre skilnader i resultata.

Engelsk: I engelsk er det litt sprik mellom kor mange elevar som skårar på nivå mellom skulane, men samla sett for elevane i Kvam er at dei ligg om lag som nasjonalt nivå og resultat for Vestland.

9.trinn:

Rekning: Lokalt mål er ikkje nådd, då det er fleire elevar på nivå 1 og 2, og færre elevar på nivå 4 og 5 enn resultat både i Vestland og nasjonalt.

Lesing: Resultatet viser at me har for mange elevar på nivå 1 og 2, og færre elevar på nivå 4 og 5 enn Vestland og nasjonalt, men og at det igjen er skilnad mellom skulane.

Oppsummering resultat nasjonale prøvar :

For Kvam herad er det med nye personvernreglar vorte vanskelegare å visa resultata på ein nyttig måte i tilstandsrapporten. I tillegg kan me ikkje samanlikna tal frå tidlegare år sidan det er ny reknemåte som ligg til grunn. Likevel er nasjonale prøvar nyttige for lærarane og skuleleiingane. Det er på skulane i profesjonsfellesskapet utvikling av gode undervisningsopplegg og nyttige refleksjonar av eigen praksis skjer.

Det viktigaste å dela med politikarane er at skulane i Kvam held fram med arbeidet gjennom Oppfølgingsordninga kor skulane arbeider meir systematisk med resultata frå nasjonale prøvar, elevundersøkingar og kartleggingar etter eigen kommunal plan for trygt og godt skulemiljø. Ut frå resultat og analysar vil skulane setja seg mål og setja inn tiltak som skal vera fagleg grunngjeve. Dette arbeidet vil skuleeigar ha kvalitetsdialogar med skulane om frå skuleåret 2024/2025 for å kvalitetssikra arbeidet, vera ein støtte til skulane og setja mål saman med skulane.

Resultata våre frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga viser tydeleg kvifor me fekk tilbod om å vera med i Oppfølgingsordninga. Det er store skilnader mellom skulane og i mellom klassane på kvar einskilde skule. Det er ulike resultat frå år til år på ein del av skulane.

Ein oppretthaldande faktor kan vera at det har vore stor metodefridom for undervisningspersonellet i skular i Noreg, og den autonome læraren har vore sentral, også i Kvam. Me ønskjer i større grad profesjonelle læringsfellesskap i skulane kor metodeval vert diskutert i kollegia i til dømes byrjaropplæringa i lesing, kor effekten kan vera likare resultat på nasjonale prøvar.


4.3. Karakterar og grunnskulepoeng

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål


Elevane skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet i norsk, engelsk og matematikk.

Kvam herad (EIGAR) Norsk hovudmål standpunkt. Geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn

Kvam herad (EIGAR) Engelsk standpunkt. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn

Kvam herad (EIGAR) Matematikk standpunkt.Geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn

Skuleeigar si eigevurdering


I norsk og engelsk har elevane om lag resultat for standpunktkarakterar som Vestland nasjonalt og kommunar i same kostragruppe, medan i matematikk ligg me lågare. Skulane set opp egne mål for sine skular i lag med resultat på nasjonale prøvar.

Kvam herad (EIGAR) Norsk hovudmål skriftleg eksamen. Geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål skriftlig eksamen, Offentlig skole, Alle kjønn

Kvam herad (EIGAR) Engelsk skriftleg eksamen. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Engelsk skriftlig eksamen, Offentlig skole, Alle kjønn

Kvam herad (EIGAR) Matematikk skriftleg eksamen. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Matematikk skriftlig eksamen, Offentlig skole, Alle kjønn

Skuleeigar si eigevurdering

Lokale mål er ikkje nådd ettersom me ønskjer oss resultat over nasjonalt og Vestland sine, men i norsk ligg me som snitt, medan i engelsk og matematikk ligg me under. Skulane følgjer me på resultatata frå år til år og vurderer endringar i undervisningsopplegg, metodar og oppgåver.

4.4. Grunnskulepoeng


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane skal ta ut læringspotensialet sitt. Elevane i Kvam skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet.

Kvam herad (EIGAR) Grunnskulepoeng. Geografisk samanlikning

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskulepoengene kun basert på standpunktkarakterer, som følge av at alle eksamener for elever i grunnskolen ble avlyst.



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Alle kjønn

Skuleeigar si eigevurdering

Resultatet viser at me ligg om lag som nasjonalt, og litt under resultat frå Vestland samla sett. Me ønskjer å halda fram med å setja oss mål me kan strekkja oss etter, då me ønskjer at alle elevane våre får ta ut sitt største læringspotensiale.


5. Skulebidrag

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål


Kvam herad skal ha skulebidrag som ligg over landsgjennomsnittet (resultat med positivt forteikn).

Kvam herad (EIGAR) Skulebidrag 1.-4. trinn




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 1.-4. trinn

Kvam herad (EIGAR) Skulebidrag 5.-7. trinn



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 5.-7. trinn

Kvam herad (EIGAR) | Skulebidrag 8.-10. trinn



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 8.-10. trinn

Skuleeigar si eigevurdering

Skulebidrag har vore målt over fleire år, men det er ikkje tal skuleeigar i Kvam har hatt fokus på i tilstandsrapporten. I fjor var fyrste gongen me la desse indikatorane inn, og me ynskjer å fylgja utviklinga i skulebidraget framover, då me meiner det er ein viktig indikator for politikarane å kjenna til.

Kva er skulebidragsindikatoren?

Elevar har ulike føresetnader som påverkar resultata. Skulebidragsindikatoren prøver å få fram kva som er skulen sin innsats. For å måla skulen sitt bidrag, skil dei ut den delen av læringsresultata som skuldast dei føresetnadane elevane har med seg. Skulebidraga vert kontrollert for tidlegare elevprestasjonar og foreldrebakgrunn (utdanningsnivå, hushaldningsinntekt og elevane sin innvandringsbakgrunn).

Tala må sjåast i samanheng med anna kunnskapsgrunnlag og gjev ikkje aleine svar på kvifor bidraget er som det er. Det er alltid tilhøve som ikkje kan målast, difor er dette ein indikasjon.

Kva fortel tala oss?

Ein skulebidragsindikator kan tolkast som forskjellen mellom det elevane ved skulen faktisk oppnår (til dømes snittkarakter på skriftleg eksamen), og det me forventar et eleven skal oppnå når ein ser bort frå eleven sine føresetnader.

For å ta omsyn til elevgrunnlaget ser ein på elevane sine tidlegare resultat, til dømes på nasjonale prøvar 8. trinn for elevar som har avslutta ungdomsskulen, -og/eller familiebakgrunn.

Dersom ein skule har eit faktisk resultat som er i tråd med forventat resultat vil skulebidraget vera lik gjennomsnittet for alle skular i landet – som er null. Indikator med negativt forteikn indikerer at skulen har eit bidrag som ligg under landsgjennomsnittet. Positivt forteikn indikerer at skulen har eit bidrag som ligg over snittet. Eit negativt forteikn betyr ikkje at skulen bidreg negativ til eleven si læring, men at bidraget er under landsgjennomsnittet.

Tala fortel ikkje noko om elevane si læring i andre fag, og den seier heller ikkje noko om skulen sin evne til å ivareta andre deler av skulen sitt oppdrag. Resultata vist i tabell overfor er for skulane i Kvam samla sett.

Når me ser på tala for kvar skule er det nokre skular som har positive skulebidrag, medan nokre ligg under.

6. Fråvær og gjennomføring

6.1. Fråvær

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane i Kvam kjem på skulen, og elevane i Kvam har lågare fråvær enn landsgjennomsnittet.

Kvam herad, fråvær 10. trinn

Skoleår	Median dager fravær	Median timer fravær
2022-23	9,0	4,0
2021-22	0,0	0,0
2020-21	1,0	0,0
2019-20	5,0	2,0
2018-19	5,0	1,0

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Fravær, 10.trinn, Alle kjønn

Kvam herad, frávær 10. trinn. Geografisk samanlikning

Skoleår	Kvam Herad (EIER) - Median dager fravær	Kvam Herad (EIER) - Median timer fravær	Vestland - Median dager fravær	Vestland - Median timer fravær	Nasjonalt - Median dager fravær	Nasjonalt - Median timer fravær
2022-23	9,0	4,0	-	-	8,0	6,0
2021-22	0,0	0,0	-	-	2,0	3,0
2020-21	1,0	0,0	-	-	1,0	2,0
2019-20	5,0	2,0	-	-	4,0	3,0
2018-19	5,0	1,0	-	-	6,0	5,0

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Fravær, 10.trinn, Alle kjønn

	Strandebarm	Tørvikbygd	Norheimsund	Øystese	Kvam u.	Ålvik
Frávær skuleåret 2023/24.	Barneskule: 3,6% Ungd.skule: 4,4%	3,5%	5,4%	5,9%	5,5%	6%

(Teljinga er utført etter 158-166 av 190 skuledagar)

Skuleeigar si eigevurdering

Det er fyrste året Kvam skildrar skulefráværet i tilstandsrapporten, men me er ila året usikre på om framstillinga av informasjonen me deler i rapporten ovanfor, er den viktigaste med tanke på frávær. Det kan skjula seg alvorleg frávær i ein statistikk som vert lagt fram her, og skuleeigar vurderer om skulane skal gi oversikt over kvar einskild elev sitt frávær til denne rapporten, med kor mange som evt. har alvorleg høgt frávær (over 10%) i Kvam herad samla sett.

6.2. Overgangar

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Alle grunnskuleelevar i Kvam startar direkte på vidaregåande skule.

Kvam herad, Overgang frå grunnskule til VGO

År	Andel overganger
2023	95,3
2022	97,5
2021	99,1
2020	99,0
2019	100,0

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Overganger, Alle kjønn

Skuleeigar si eigevurdering

Det er eit godt samarbeid mellom ungdomsskulane, heimane og vidaregåande skular i Kvam for å sikra gode overganger. Likevel veit me at det var elevar som ikkje møtte til skulestart. Vidare var det elevar som starta på folkehøgskule, dei vert heller ikkje rekna inn som at ein då har starta direkte på vidaregåande skule.

7. Ein skule for alle

Skulane i Kvam prioriterer at elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Eit trygt og godt skulemiljø er grunnlag for læring, og handlar om at elevane skal verta inkludert i den sosiale og faglege fellesskapen. Me treng tilsette som ser, forstår og handlar, har god relasjonskompetanse og gir tilpassa opplæring til alle elevar.

Profesjonsfellesskapet er viktig for å få eit felles verdigrunnlag og forståing. Elevundersøkingar og nasjonale prøvar har vist at Kvam har spreiding i resultat mellom skulane. Heradet er difor ein del av udir si oppfølgingsordning for å sikra kompetanseheving til alle tilsette. Utfordringsbilete og kompetansehevinga er tredelt, men på same tid heilt avhengig av kvarandre. Skuleåret 2023/24 er første del av gjennomføringsfasen, og her vert det satsa på trygt og godt skulemiljø, inkluderande undervisning og leiarstøtte til skuleleiarane, slik at dei er mest mogleg rusta til å driva utviklingsarbeid over tid.

Oppvektsplanen i Kvam er bygd opp kring beskyttande faktorar. I økonomiplanperioden vil skulane prioritera fylgjande faktorar:

Trygge vaksne

For at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø treng me vaksne som ser, er trygge og imøtekomande og har kompetanse til å handla når situasjonen krev det. Alle tilsette har tidlegare vore gjennom udir sine kompetansepakkar for trygt og godt skulemiljø. I inneverande skuleår har det vore jobba særleg med trygt og godt skulemiljø gjennom Oppfølgingsordninga der me har hatt støtte frå Guttorm Helgøy/ Læringsmiljøsenteret. Miljørettleiarane i skulen har fått spisskompetanse og vil vera ein ressurs i skulen på dette området, og det har vorte laga gode planar for kartlegging, analysar og tiltak ved eit utrygt skulemiljø.

Høg kvalitet på opplæringa

Undersøkingar har vist at mange elevar keier seg på skulen og dei saknar varierte undervisningsmetodar. Gjennom Oppfølgingsordninga har Kvam herad samarbeid med Skrivesenteret NTNU, og i dette arbeidet vert det satsa på inkluderande og variert undervisning. Tilsette har fått konkrete råd og rettleiing og dei har fått oppgåver om kan nyttast direkte ut i klasserommet. Trivsel og læring heng svært tett saman og det er difor viktig at me har fokus på begge områda på same tid.

Mangfald

Det skal vera plass til alle i Kvammaskulen, me er ulike og det skal vera plass til alle. Mangfald som ein ressurs vil mellom anna sei at me leitar etter og framhevar dei ulike eigenskapane til menneska i barnegruppa, i klassen eller i foreldregruppa.

Det er viktig at skulen arbeider godt med integreringsarbeidet og i dette ligg det også at elevar med anna språkbakgrunn får læra seg norsk. Kvam har utarbeida plan for særskild språkopplæring som vert nytta av skulane i heradet. Vidare har me fokus på inkluderande undervisning som skal gjera skulane betre på å gi undervisning kor fleire kjenner på meistring og ei erkjenning av at me lærer på ulike måtar og difor treng varierte undervisningsmetodar og oppgåver.

Gode kommunale tenester for barn, unge gravide og familiar

For å sikra inkluderande, rettvís og god utdanning, og fremja moglegheiter for livslang læring for alle, samarbeider skulen tett med andre tenester og utgjer laget rundt eleven. Skulane arbeider med implementering av BTI-modellen.

7.1. Organisasjonsutvikling

7.1.1. Oppfølgingsordninga

Kvam herad er ein del av Oppfølgingsordninga. Ordninga går over tre år og skuleåret 2023/24 er me inne i andre året. Dette er første del av gjennomføringsfasen. I forfasen vart det gjort undersøkinga og analysar som førte til ei satsing på tre område som er tett knytt opp mot kvarandre. Våren 2023 vart nytta til å etablera kontakt og gjera avtalar med kompetansemiljø som skulle støtta oss i arbeidet, samt søkja Statsforvaltaren om midlar til gjennomføring. Gjennom skuleåret 2023/24 har desse kompetansemiljøa vore med Kvam herad i utviklingsarbeidet:

Trygt og godt skulemiljø – Guttorm Helgøy
Ordinær undervisning – Skrivesenteret NTNU
Leiarstøtte- Pål S. Riis

Tiltak leiarstøtte:

- Utvikla velfungerande leiarteam med fokus på innhald i leiarmøta, prioritering og struktur, samt ansvars- og arbeidsfordeling
- Styrka leiarrolla
 - Leia utviklingsarbeid over tid
 - Personalleiar
 - Lovverk, politiske vedtak

Tiltak trygt og godt skulemiljø

- Ferdigstilla organisering av det systematiske arbeidet med trygt og godt skulemiljø
- Få tydeleg ansvars- og arbeidsfordeling i dei ulike rollene i skulen både når det gjeld førebyggjande arbeid, handtering og etterarbeid
- Implementera årshjul for trygt og godt skulemiljø
- Implementera BTI, bruk av BTI-rettleiar
- Arbeid med haldningar og praksis

Ordinær undervisning

- Opplæring i praktisk og variert undervisning læringsaktivitetar og undervisningsformer med fokus på motivasjon og meistring for alle elevane
- Opplæring i korleis auka elevmedverknad
- Utarbeida ein tydeleg handlingsplan med verktøy til støtte for arbeidet med lesing og skriving som grunnleggjande dugleikar

Gjennom skuleåret er det gjennomført leiarstøtte både samla for skuleleiarane i Kvam, men også til kvart einskild leiarteam på skulane. Arbeidet har gått føre seg med fysiske møte, mellomarbeid og tett oppfølging. Skuleleiarane har arbeidd med struktur og innhald i eigne møte, korleis leia møte med personale, laga utfordringsbilete og laga plan for tiltak.

Det har vore samlingar og kompetanseheving når det gjeld trygt og godt skulemiljø, og særleg fokus på å styrka miljørettleiarane som ein ressurs i dette arbeidet. Roller og ansvar er gjort tydeleg i rutinar for kap.9A- saker, det er gjennomført kartleggingar av elevane sitt psykososiale miljø på skulen og vidare oppfølging med analysar og kva som kan vera eigna tiltak. Vidare er

skulane i gang med "God start" på sine skular, som er eit arbeid med fokus på at i den einskilde skulen har dei lik praksis på korleis dei møter elevane ved skulestart, etter ferie, når dei startar dagen, byrjar på nytt trinn osv.

Skrivesenteret har vore med på to planleggingsdagar der det er gitt konkrete tips til ei meir inkluderande og variert undervisning. Alle lærarane har fått mellomarbeid slik at dei har fått høve til å prøva ut undervisningsmetodane i klasserommet. Skrivesenteret er også støtte til arbeidsgruppe der representantar frå skulane og PPT jobbar grundig med inkluderande praksis.

Det vert gjennomført evaluering av ordninga med skuleleiarane og kompetansemiljø innan juni 2024.

Tiltaka og samarbeidet held fram skuleåret 2024/25. I siste året av Oppfølgingsordninga vert det av samlingane felles for skulane, men og differensiert etter behov på den einskilde skule.

7.1.2. Desentralisert kompetanseutvikling

Desentralisert kompetanseutvikling (Dekom) er ei ordning der statlege midlar skal byggja opp om skuleeigar sitt ansvar for kvalitetsutvikling. Ordninga har som mål og premiss at samarbeidet med lærarutdanninga skal styrkast. Skuleeigar sine prioriteringar skal byggja på tilstandsvurderingar og analysar. Det er dei regionale kompetansenettverka som har ansvar for fordeling av midlane. I Hardanger- og Voss kompetanseregion startar arbeidet med ekstern vurdering av den aktuelle skulen.

På grunn av at Tørvikbygd skule utsette si deltaking i ordninga, har det ikkje vore skular frå Kvam herad med i ordninga dette skuleåret. Det er gjort justeringar i regionen, og Tørvikbygd skule startar september 2024, medan Norheimsund skule står for tur i januar 2025.

7.1.3. Vidareutdanning

Utdanningsdirektoratet si ordning for vidareutdanning omfattar vikarordning (to dagar fri pr. veke med løn i eit studieår) og stipendordning (kr 115 000 utbetalt). Rektorutdanninga har ikkje vikar- eller stipendordning, men rett til fri ved studiesamlingar.

Tabellen under viser tal lærar som har fått innvilga vidareutdanning gjennom Udir si ordning våren 2024. Gjennom skuleåret 2023/24 har det vore store utfordringar med å skaffa vikarar. Ein lærar som får godkjend vikarordning har redusert stilling i studietida med 37,5 % reduksjon i undervisning. Fleire tilsette med vikarordning gjer at det er trong for fleire vikarar i skulen. På grunn av ein svært vanskeleg vikarsituasjon var skuleeigar og samla rektorgruppe einige om at Kvam herad det komande året ikkje vil innvilga vikarordning, men at tilsette kan få stipendordning. Dette er ikkje eit tiltak skuleleiinga er tilfreds med, då vidareutdanning og auka kompetanse er svært viktig, men det er ei avgjerd som skal hjelpa oss til å avgrensa rekrutteringsutfordringane heradet står i .

Det er skuleeigar som prioriterer mellom søkjarane ut frå kva kompetanse det er trong for, og Udir som til slutt avgjer kven som får studietilbod.

Sidan Kvam herad er ein del av Oppfølgingsordninga vil alle søkjarane som vert prioritert frå Kvam få tilbod om plass. Det er likevel slik at Kvam herad betalar eigedel og må vurdere tilboda ut frå økonomi og budsjett.

Fordeling vidareutdanning med oppstart hausten 2024:

Fag	Tal lærarar
Norsk, skriftkulturar	1
Veilederutdanning, karriereveiledning	1
Norsk 1 1-7	2
Engelsk 1-7	1
Spesialpedagogikk	3
Begynneropplæring 1-7	2
Andrespråkspedagogikk 1-10	1
Kunst og handverk 1-10	1
Grunnleggjande lese- skrive- og matematikkopplæring	1
Produksjon for scene 8-13. trinn	1
Yrkesdidaktikk og entreprenørskap i arbeidslivsfaget	1

7.1.4. Kurs tilsette

Førebygging, handtering vald og truslar

Det er gjennomført kurs for førebygging og handtering av vald og truslar i skulen. Kurshaldar var Løvstadskolen. Kurset gjekk mellom anna ut på å lære seg teknikkar, der ein unngår bruk av makt i møte med utfordrande situasjonar med elevar.

Traumer og triggarar – relasjonar og regulering

Kurs RVTS ved Beate Gauden. I skulen møter me fleire elevar med ulike traume, og ulik åtferd kan vera eit vanskeleg språk å forstå og handtera. Tilbod om kurs som vil gjera oss i betre stand til å møte traumatiserte elevar på ein hjelpsam måte som også reduserer traumet dei ber på

Skulefråvær og skulenærvær – tilbod til undervisningspersonell

Ved stort fråvær frå skulen, krev det store ressursar frå skulen, heimen og eleven sjølv. Målet er at alle elevar er på skulen kvar dag.

I minikurset var det gjennomgang av korleis me kan førebyggja og følgja opp urovekkjande skulefråvær:

Korleis kan skulen jobba for å fremja skulenærvær?

Kva veit me om risikofaktorar for å utvikla skulefråvær?

Korleis kan me tidleg fanga opp mogleg skulefråvær?

Korleis følger me opp skulefråvær?

Kva seier den nye opplæringslova om skulen si plikt til å følgja opp elevar med fråvær?

7.2. Tilsyn

Tilsyn med Kvam herad og Øystese skule sitt arbeid med å sikra eit trygt og godt skulemiljø

Statsforvaltaren i Vestland opna tilsyn med Kvam herad og Øystese skule 30. august 2023. 15. desember kom endeleg tilsynsrapport som viste at Kvam herad ikkje oppfylte alle krava. Frist for pålegg om retting var 1. april 2024.

Tilsynet på området kom på same tid som heradet er med i Oppfølgingsordninga. Ein av grunnane til at Kvam herad fekk tilbod om å vera med i ordninga var stor spreing i resultat både med tanke på faglege resultat, men og resultat i Elevundersøkinga, mellom anna med høge mobbetal på einskilde skular. Det var tidleg klart at trygt og godt skulemiljø var eit naturleg satsingsområde og eit område som måtte forbetrast. Tilsynet som Statsforvaltaren har gjennomført peika på ein del av dei same punkta. Nokre av punkta går direkte inn i arbeidet som vert gjort når Kvam herad dette skuleåret har vore i første del av gjennomføringsfasen. Ut frå Statsforvaltaren sin rapport og pålegg om retting, var det særleg fylgjande område me meiner vil møta utfordringane våre:

- Kvalitetsdialogar mellom skuleleiing og skuleeigar
- Reviderte rutinar og rapporteringsskjema
- Implementering av BTI
- Rolleavklaring i kap. 9A-saker

Det er utarbeida ein handlingsplan som viser konkrete gjeremål, tidsfristar og ansvarsfordeling.

Statsforvaltaren avslutta tilsynet 24. april 2024. Kontrollutvalet vedtok 07.05.2024 følgjande: Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg orientering om status i denne saka i møte med utvalet 22.10.2024.

Arbeidstilsynet sitt tilsyn med at verksemdene følgjer krava i arbeidsmiljøregelverket, ved Kvam ungdomsskule

Arbeidstilsynet varsla tilsyn ved Kvam ungdomsskule 05.01. 2024. Etter rapport 05.04 med lukking av varsel og vedtak om pålegg, arbeider Kvam ungdomsskule med å gjennomføra pålegg i tråd med dei føringane arbeidstilsynet har gjort. Det er gjennomført eit oppstartsmøte med Bedriftshelsetenesta, plasstillitsvalt, verneombod, skuleleiarane, tilsett ved HR-avdelinga i Kvam og skuleeigar, som har lagt ein plan for vidare arbeid. To av pålegga handlar om kartlegging, risikovurdering, tiltak og plan av 1. muskel- og skjelettplager og 2. vald, trugslar om vald og uheldige belastningar. Desse vil skulen få ekstern hjelp frå Proactima til å gjennomføra. Dei andre pålegga om organisering og ansvar for HMS-arbeidet på skulen, opplæring av verneombod og bistand av Bedriftshelsetenesta til gjennomføring, har oppstartsmøtet lagt ein plan for. Frist for å svara ut tilsynet er 5. juli. Skulen i samarbeid med skuleeigar, HR og bedriftshelsetenesta har laga ein plan for å svara innan fristen, men det er utfordrande at det er til dels stort fråvær av undervisningspersonale og i leiarteamet.

7.3. Oppfølging av politiske vedtak

Måltid i skulen

Kvam heradsstyre gjorde i juni 2023 vedtak om at rådmannen skulle «*innarbeida i rammer i økonomiplanen til kjøp av eit dagleg måltid i skulen til ungdomsskuleelevane i Kvam frå januar 2024. Inkludert må rammer til organisering og infrastruktur som lagringsplass, vera med. Det vert føresett at leveransen skjer på ein måte som kan handterast av eleven/elevråda, slik at det ikkje vert auka arbeid for dei pedagogisk tilsette.*»

Ut frå vedtaket vart det hausten 2023 lagt ned eit større arbeid frå administrasjonen si side for å finna løysingar for eit måltid i ungdomsskulen.

- Lesing av rapportar for å auka kompetansen om måltid i skulen
- Kontakt med ernæringsfysiolog for råd og rettleiing kring mellom anna rett kosthald
- Involvering av skuleleiarane for å få kjennskap til fasilitetar, lagringskapasitet og moglege løysingar for organisering av måltidet
- Brei involvering av elevråd for å sikra elevmedverknad. Elevråda involverte igjen elevane på sin skule
- Uformell kontakt med aktuelle tilbydarar for å få eit prisestimat, eventuell kapasitet, og eventuelt kva type mat ulike tilbydarar potensielt kunne tilby.

Totalt vart det brukt mykje tid i administrasjonen for å utarbeida sak i tråd med vedtaket frå heradsstyret. I budsjett- og økonomiplan vart saka utsett til rådmannen har arbeida ut innsparingsprogram.

Frå budsjett- og økonomiplan: «*Mat i ungdomsskulen. Mat i ungdomsskulen vert utsett til rådmannen kjem tilbake med innsparingsprogram. Det vert gjort ny vurdering i.l.a. 2024.*».

Alternativ opplæringsarena

Kvam herad gjorde 28.03.2023 vedtak der dei tok orientering om alternativ opplæringsarena til vitande. Alle elevar har rett til å ha eit sosialt fellesskap i ei gruppe eller i ein klasse og all offentleg grunnskuleopplæring skal vera i samsvar med opplæringslova med forskrifter og Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20). Opplæringslova § 2-3 opnar for noko fleksibilitet når det gjeld bruk av andre opplæringsarenaer enn skulen for elevar i ei gruppe ei ein kortare periode. Denne regelen gjev ikkje heimel for å gje enkeltelevar opplæring utanfor skulen eller klassen/basisgruppa. Det vil vera elevar som av ulike grunnar vil ha behov for eit alternativ til ordinær undervisning og gjerne på ein annan arena. Det er likevel ein snever tilgang til bruk av eit slikt tilbod. Dersom ein elev skal få tilbod om opplæring på ein alternativ opplæringsarena som ikkje er eit tilbod til heile klassen, kan dette berre gjennomførast etter enkeltvedtak om spesialundervisning. Vurderinga skal vera grundig og ta omsyn til det beste for eleven

Gjennom skuleåret 2023/24 er det utarbeida rammeavtalar for tilbydarar som kan tilby alternativ opplæringsarena for elevar i grunnskulen i Kvam. Det har vore lagt ut konkurransegrunnlag, og det er inngått avtalar med tre tilbydarar. Det er utarbeida rutinar og gjort kjent i organisasjonen kva som skal til for å gje elvar eit tilbod på alternativ arena. Det er no lagt til rette for at skulane i Kvam arbeider i tråd med opplæringslova på dette området.

Evaluering av miljøretteleiarstillingane i skulen

Kvam heradsstyre gjorde vedtak i sitt møte 27.9.22 om styrking av det systemretta arbeidet kring trygt og godt skulemiljø ved å gi ressursar til fire nye årsverk til miljøretteleiarstillingar i Kvam, med mål om at dei skal ha ei sentral rolle og vera med å styrka laget rundt barnet, slik også erfaringane frå andre kommunar tilseier. Dette var i tråd med råd kommunen har fått frå Mobbeombodet i Vestland og kompetansemiljø innan skulemiljøsaker, og mobbeombodet har i seinare også poengtert at det er viktig å ha eit lag rundt elevane, men også for at lærarane skal ha meir tid til undervisningsoppgåvene. Evaluering av dei faste stillingane som vart oppretta, skulle evaluerast i god tid for framlegging av budsjett i 2025.

I heradsstyremøte 23.05.2024 vedtok eit samla heradsstyre å vidareføra stillingane, og la inn lønsutgifter til fire årsverk i økonomiplanperioden for 2025-2028. Dette er me særstakksame for, då me trass kort tid frå oppretting til evaluering ser stor nytte av at desse stillingane finst.

Frå saka om evaluering har skuleeigar påpeika ein del av dei viktigaste oppgåvene rektorane har meldt tilbake dei nyttar miljøretteleiarane til:

- Kap. 9 A – saker : observasjon, kartlegging, undersøking og analyse av funn, som støtte til lærarane og rektor i arbeidet
- Miljøretteleiarane er inne i mellom 20- 25 aktive kap. 9A saker til saman i dei ulike skulane
- Hjelp og støtte til utarbeiding av aktivitetsplanar i kap. 9A saker
- Hjelp til grupper og enkeltelevar med utfordringar knytt til sjølvregulering, utagering eller gruppedynamikk
- Møter sårbare elevar om morgon, ved skulebussen, avtalt stad, eller har faste samtalar med elevar som tiltak i aktivitetsplan

- Heimebesøk hjå elevar med ufrivillig skulefråvær som del av plan for å auka skulenærvær
- Ansvar for Trivselsleikar og miljøtiltak i friminutt, og opplæring av lærarar i leiker brukt i friminutt
- Planlegging av tverrfaglege dagar/ veker på skulen
- Deltek i elevrådsarbeidet ved skulane (t.d. utarbeiding av årshjul for aktivitetar)

Arbeidsgruppe for arbeidsretta norskopplæring,; eit samarbeid mellom Vaksenopplæringa og Nav

I Heradsstyre 1. februar vart det politisk teke opp behov for større innsats for intensiv arbeidsretta norskundervisning, slik at flyktningar kan få nytta ressursane sine i yrkeslivet i Kvam. Språk kan vera ei barriere for å få arbeid, og det vart politisk oppmoda om å prioritera dette arbeidet. Det er denne våren oppretta ei arbeidsgruppe med deltakarar frå tilsette i nav, Vaksenopplæringa og skuleeigar.

Her er oppsummering av fyrste skisse til oppdrag for arbeidsgruppa for prosjekt arbeidsretta introduksjonsprogram/ arbeidsretta kvalifisering:

Mål: Rask tilknyting til arbeidslivet.

Delmål:

- Intensiv norskopplæring fem dagar i veka tre fyrste månadene
- Alle flyktningar skal ut i arbeidspraksis innan fire månader, som er eit lovkrav

Kva må på plass:

- idémyldring frå kvar part- flyktingsteneste og VO om behov
- intensiv norskopplæring tre fyrste månader alle dagar
- individuelt tilrettelagt kor tid dei går ut i språkpraksis
- avklara kva kommunale tenester som skal ha inn språkpraksisplassar og kor mange
- laga infofilmar til VO/NAV om kva som vert forventa av elevane i språkpraksis i deira teneste
- avtalar og innhald for språkpraksisplassar
- laga rutinar for ansvar frå dei ulike partane – innhald lengd- oppfølging

Arbeidsgruppa arbeider vidare med dette prosjektet komande skuleår med oppstart av nokre tiltak allereie frå hausten av.

7.4. Rutinar/ systemarbeid som er under arbeid

Personvern

Personvern er eit aktuelt tema og eit arbeid som må jobbast med kontinuerleg.

Personopplysningar om barn skal handsamast på ein trygg måte. Det vert jobba med betre informasjon til brukarane som no er publisert på kvam.no Vidare skal det også koma meir spesifikk

informasjon om kva opplysningar som vert handsama i dei ulike digitale læremidla og verktøya som vert nytta i skulen.

Ut frå kartlegging som vart gjort i 2023 er det tydeleg at me må halda fokuset oppe når det gjeld haldningar til kva personopplysningar som kan vert nytta i ulike samanhengar. Det er utarbeida rutinar for kva tiltak som må vera sett i verk for til dømes å ta i bruk nye digitale verktøy.

Ei grundig vurdering av læremiddel og system er svært tidkrevjande. Signal frå nasjonale myndigheiter er at dei ser at dette er eit arbeid som er svært omfattande for kvar einskild kommune, og at ein ser for seg at det må kunna utarbeidast noko nasjonalt. Eit døme er at det over tid har vore ei nasjonal gruppe som har jobba med vurdering av Google.

Det går føre seg samarbeid på området som Kvam herad er ein del av, til dømes DigiVestland og samarbeid mellom kommunane som har felles personvernombodsteneste i Bergen. Det er uansett heradet sitt ansvar som «behandlingsansvarlig» å sikra at me oppfyller krava etter Lov om behandling av personvernopplysningar (personopplysningsloven).

Ny opplæringslov med forskrifter trer i kraft frå 01.08.2024.

Opplæringslova er ei av landets viktigaste lover. Ho regulerer skulekvardagen til over 820 000 barn og unge og arbeidsdagen til 95 000 lærarar. Opplæringslova er det sentrale rammeverket for at skulen skal lukkast med det viktige samfunnsoppdraget sitt og få fellesskulen til å fungera. Opplæringslova skal sikra opplæring av høg kvalitet, eit trygt læringsmiljø og medverknad.

Den gjeldande Opplæringslova er frå 1998 og har i snitt blitt endra meir enn ein gong pr. år. Målet er at ny lov skal vera meir oppdatert, meir tilgjengeleg, meir forståeleg og meir tilpassa samfunnet i dag og kvardagen i opplæringssektoren.

Kva er nytt?

Den nye lova er ei vidareføring av tidlegare opplæringslov, men har også fleire endringar og nye lover: [De viktigste endringene i ny opplæringslov | udir.no](#). Kort oppsummert er nokre av dei tydlegaste endringane desse:

- Spesialundervisning er framleis ein individuell rett, men endrar namn til Individuelt tilrettelagt undervisning. Denne framleis sakkunnig vurdering frå PPT.
- I tillegg kan rektor fatta vedtak på personleg assistanse og fysisk tilrettelegging utan sakkunnig vurdering frå PPT. Saka må også her vera tilstrekkeleg opplyst.
- Kompetansekrava til dei som skal undervisa er tydeleggjort.
- Trygt og godt skulemiljø er flytta frå kap. 9A til kap. 12 i ny opplæringslov.
- Elevmedverknad og eleven si stemme har fått eit eige kapittel i opplæringslova – kap. 10.
- Lovpålagte lokale forskrifter på skulereglar, permisjon, målform, SFO-vedtekter og skulerute. Alle fem skal kunngjerast i Norsk Lovtidend.

Kva er gjort i Kvam til no?

Tre av dei fem områda som kommunen må vedta forskrifter på vert handsama av heradsstyret i juni. SFO-vedtektene er handsama tidlegare og skuleruta vert handsama til hausten i samband med ny skulerute for 2025/26.

Alle leiarar i skulen i Kvam har begynt arbeidet med å setja seg inn i ny Opplæringslov og har deltatt på kurs om temaet i regi av Statsforvaltaren. Det er tema på rektormøta/skuleleiarsamlingar, og kjem til å vera det framover skuleåret 2024-25.

I samband med at lova trer i kraft er det ei stor oppgåve å endra alle rutinar og malar om vert nytta i skulen, slik at desse er tråd med ny lov. Dett arbeidet må halda fram utover hausten 2024.

Overordna ROS- analyse og beredskapsplanar for skulane i Kvam

Det er gjennomført overordna ROS- analyse for alle skulane i Kvam, og det er utarbeidd beredskapsplanar for skulane som har tiltakskort for å handtera 26 ulike hendingar. Implementering og øving vert gjennomført skuleåret 2024/2025.

7.4.1. Betre tverrfagleg innsats (BTI)

I Kvam herad vert det arbeida etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) for å ha systematikk for å oppdaga det tidleg viss det er grunn til å ha uro for eit barn eller ein ungdom og for god oppfølging. Ein digital handlingsrettleiad gjev føringar for kva ein gjer i ulike fasar av oppdaging og oppfølging.

BTI-modellen byggjer på desse prinsippa:

- Tidleg innsats (tidleg i livet og tidleg i eit problemforløp)
- Brukarmedverknad (godt og systematisk samarbeid med barnet/ungdommen og med heimen)
- Samordna tenester

Ved å handla etter BTI-modellen sikrar ein eit felles språk på tvers av tenestene, ein tydeleg systematikk i arbeidet, at ein handlar i samsvar med lover og andre overordna forventingar og i samsvar med det me veit er god praksis.

BTI-modellen er framleis under implementering. Det tek tid å gjera om teori og modellar til praktisk handling. Skule og barnehage er dei store tenestene som møter barn og unge kvar dag, og det er særleg viktig å trygga tilsette her i å bruka systematikk og verktøy i BTI-rettleiaren. Det er tilsett BTI-koordinator i full stilling. Ei prioritert oppgåve for BTI-koordinator dette skuleåret ha

vore å vera tett på tenestene, særleg skule, og drøfta korleis ein best mogleg kan handtera konkrete elevsaker ut frå prinsippa i BTI-modellen.

Samtidig er BTI-modellen fast tema i andre tenester, som til dømes PPT, slik at ein utviklar eit felles språk og ei felles forståing for tidleg oppdaging og oppfølging på tvers av tenestene. Det har vore gjennomført opplæringsøker og case-øvingar i skule og barnehage, kulturskulen og PPT. Case-øvingar i barnehage og skule har vore retta mot korleis ein handterer uro for vald eller overgrep og kva føringar som ligg i meldeplikta etter barnevernslova og avvergingsplikta etter straffelova.

BTI-modellen som gjennomgåande og heilskapleg tankesett er forankra i Kvam sin plan for førebyggjande arbeid. Dette skuleåret har Kvam også fått ein revidert plan for å førebyggja og følgja opp urovekkjande skulefråvær. Denne planen er ei konkretisering av BTI-modellen i praksis ved denne typen uro.

Det ligg eit særleg ansvar hos leiarane for å forstå og bruka BTI-retteleiar i si eining. Det er gjeve leiarstøtte kring forståing av BTI-modellen som del av Oppfølgingsordninga for skule. BTI-modellen er eit gjennomgåande tema på KFL-samlingar.

7.5. PPT

PPT er ein lovpålagt instans i kommunen og har som hovudoppgåve å vera sakkunnig instans i vurderinga av om elevar har behov for spesialundervisning. PPT har også eit tydeleg systemansvar, der dei skal bidra til å styrka ordinær opplæring og gje opplæring til barnehage og skule når det gjeld særleg spesialpedagogiske tema, både på individ- og systemnivå. PPT har sidan 2014 delteke aktivt i imitering og implementering av støttesystemet på skulane, og jobbar no etter plan for støttesystem i Kvam. Dette er ein plan som gjeld for alle skulane i Kvam.

PPT skal ha fokus på den individuelle retten til spesialundervisning som alle elevar som ikkje gjer eller kan gjera seg nytte av ordinær opplæring har. Dei er samtidig aktive bidragsytarar i utvikling av organisasjonen skule for å styrka det allmenne og ordinære tilbodet til elevane. Eit trygt og inkluderande læringsmiljø for alle, vil redusera behovet for spesialundervisning. Dette er i tråd med nasjonale føringar om tidleg innsats og eit tydeleg mandat gjennom Meld.St.6 og Opplæringslova.

PPT har fast utekontor på skulane annakvar veke og møter i spesialpedagogisk team og støtteteam, i tillegg til deltaking i BTI-team. PPT deltar og leier samarbeidsmøte i individsaker. Tenesta ynskjer å vera tilgjengeleg som gode og trygge samarbeidspartar for lærarane når ho ser og opplever at det er nødvendig. Me har dette året jobba vidare med implementering av BTI, og skulane har etter kvart blitt gode på å tenkja Betre tverrfagleg innsats når ei bekymring oppstår. PPT har eit stort ansvar i implementeringsarbeidet av BTI, og nyttar BTI-retteleiar aktivt i møte som støtteteam og

spespedteam. Målet er at skulen skal ha gjort eit arbeid på nivå 0 og 1 før ev. tilvisingar til PPT, og dette vert som skrive under punkt om spesialundervisning arbeidd med komande skuleår. Dette jobbar PPT no aktivt for og vil etter kvart no krevja dokumentasjon av arbeid på nivå 0 og 1 i tilvisingsskjema til PPT, som vil bli oppdatert i samband med innføring av ny Opplæringslov. Tenesta opplever at det er vilje ute i skulane til implementeringa av BTI og ser på det som eit viktig arbeid, der alle i "laget rundt barnet" har eit ansvar for å oppdaga tidleg born ein er bekymra for.

PPT har dette året saman med skulane vore aktive i arbeidet med Oppfølgingsordninga. Tenesta har delteke og leia møte saman med skrivesenteret og skulekontoret. I dette arbeidet har støttekoordinatorane ved den enkelte skule, skuleleiarar og rådgjevarar ved PPT jobba saman med eit mål om å styrkja ordinær opplæring. Arbeidet er knytt opp mot støttesystemet i skulen.

PPT har eit særleg ansvar for spesialundervisninga i Kvam ved at dei er sakkunnig instans. Skulen har ansvar for å utføra og følgja opp sakkunnig vurdering gjennom enkeltvedtak om spesialundervisning. PPT ser at spesialundervisninga har stige noko, og ligg på rundt 11,5 % etter fleire år med støttesystem der tendensen var klart synkande. Det kan vera fleire grunnar til dette. PPT er opptekne av og vil jobba for å få denne tendensen til å snu igjen. Både Meld. St. 6 og ny opplæringslov, (haust 2024) viser til at barn har det best i inkluderande fellesskap. Derfor må PPT saman med barnehage og skule arbeida hardt og målretta framover for å få flest mogleg barn og elevar til å lukkast i ordinær opplæring. Det krev kompetente og autoritative vaksne med stor kunnskap om både risikofaktorar og kva som fremjar meistring. PPT har tru på at gjennom felles og forsterka fokus på støttesystemet, gjennom felles møtestruktur, gjennom kompetanseheving av tilsette og gjennom eit PPT med eit sterkt nærvær og samarbeid ute i barnehage og skule, vil me i skule og PPT sjå at behovet for spesialundervisning vil verta mindre igjen. Målet er at ordinær opplæring klarar å fanga opp og skapa tilrettelegginga som er naudsynt for den elev, slik lova krev.

Systemfokuset til PPT er stort, men ressursane er små. Tenesta strekkjer oss langt for å rekka over oppgåvene så langt me klarer. Hovudansvaret vårt er å vera sakkunnig instans. Det arbeidet må prioriterast. Så lenge skulane framleis tilviser svært mange born til PPT, har ikkje individarbeidet gått ned tilsvarande det tenesta hadde håpa på då støttesystemet vart innført og ein styrka systemfokuset. Framleis er talet på aktive individsaker i PPT oppe i mellom 250-300 saker for barnehage og skule. Talet på systemsaker og oppgåver har auka mykje. PPT har 5 heile rådgjevarstillingar som skal serva 7 barnehagar og 7 skular.

7.6. Spesialundervisning

Prosent av elevar med spesialundervisning, utvikling siste 6 åra:

18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24
8,7%	10,15%	10,4%	10,3%	10,4%	11,5%

NB! Det er oppdaga feil i tilstandsrapport for 2023 kor det står 10,1 %

Nøkkeltal 2023

Nøkkeltal 2023	Kvam	Vestland	Kostragruppe 5	Landet
Årstimar til spesialundervisning pr. elev	150,6	153,6	162,63	146,4

Tala for spesialundervisning i Kvam aukar. Dette er ein lovpålagt rett elevane har, og elevane får vedtak om spesialundervisning i tråd med sakkunnig vurdering PPT gir etter undersøkingar dei gjennomfører etter tilvising. Behovet for spesialundervisning vert vurdert ut frå eleven sine behov i dei faga i den klassen og på den skulen eleven går. Skuleeigar ser behov for at PPT og skule ser på kva som er forsøkt av tiltak før tilvising, og at rutinane våre må gjennomgåast for å sjå om alle tiltak er forsøkt grundig nok og i tråd med forskning og råd frå PPT, før me tilviser elevar til PPT. Skulen vil mellom anna sjå til korleis barnehage jobbar for å sjå etter betre løysingar.

7.7. Særskilt språkopplæring

Nøkkeltal 2023

Nøkkeltal 2023	Kvam	Vestland	Kostragruppe 5	Landet
Årstimar til særskilt språkopplæring pr. elev	46,6	34,9	52,1	31,5

Etter at me i fleire år låg under på årstimar til særskilt språkopplæring for elevane våre samanlikna med Vestland og nasjonalt, er me glade for at dei nye rutinane våre gir utslag slik at elevane får opplæringa dei har krav på og treng. At me gir fleire timar til særskilt språkopplæring enn Vestland og landet elles, er ikkje overraskande med tanke på spreidd busetjing av flyktningar i Kvam.

7.8. Skulefritidsordninga (SFO)

Pr. oktober 2023 var det 204 born i SFO (188 i 2022), 56 av desse borna hadde 100% SFO-plass (72 i 2022). Det vert nytta 11,77 årsverk til SFO (8,81 2022), inkludert auka bemanning til born med behov for tilrettelegging. Alle skulane har SFO-tilbod skuleåret 2023/24.

Kvam herad har felles plan for Skulefritidsordninga som er i samsvar med nasjonal rammeplan for SFO. Planen skal sikra eit likt tilbod og tilnærma lik praksis uavhengig av kva SFO barnet høyrer til. Nye vedtekter vart sett i verk 01.08.23. Intensjonen er eit inkluderande samfunn der alle som ynskjer det kan nytta SFO, uavhengig av økonomisk situasjon. På same tid skal det vera føreseieleg for heradet med tanke på bemanning og ressursbruk, slik at me nyttar ressursane ti det beste for innbyggjarane.

Det har vore auke i søkjartal til SFO. Dette har ført til meir krevjande organisering av SFO- tilbodet med tanke på lokala skulane har tilgjengelege. Det er særleg Norheimsund skule og Øystese skule som kjenner mest til dette. Det er og ei uro knytt til sambruken av idrettshallen når den nye vidaregåande skulen er klar, men alle er innstilte på å finna gode løysingar.

Det kan vera fleire grunnar til auken av elevar som ønskjer SFO- tilbod. Både endringar i vedtekter, men også at det for inneverande skuleår er statlege føringar for at det skal vera 12 timar gratis SFO for elevar på 2. trinn. For komande skuleår vert dette tilbodet utvida til også å gjelda elevar på 3. trinn. 12 timar utgjer om lag ein ettermiddagsplass.

Det har vore ein auke i ressurs på nærare 3 årsverk. Dette kan forklarast i statlege føringar om gratis SFO, endringa av bemanningsnorm ved innføring av nye vedtekter og at det er fleire elevar i SFO med omfattande behov. Fleire av desse elevane treng tett vaksenkontakt. Utfordringa me står i er at me då treng fleire tilsette berre på ettermiddag, og det kan vera vanskeleg å rekruttera til stillingar med låg prosent.

Tidlegare Ferieklubben er no flytta frå kultureininga til oppvekst. Det er SFO-leiarane ved dei største skulane som har hovudansvar for planlegging og gjennomføring. Ferie-SFO vert eit tilbod tilsvarande tidlegare ferieklubben og går føre seg i to veker rett etter skuleslutt i juni.

8. Innblikk kvar skule

8.1. Strandebarm skule

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår	2008	Tal lærarar menn/kvinner	12 kvinner 5 menn
Sist renovert/ nybygg/tilbygg	-	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	4 fagarbeidarar (4k) 2 miljørettlearar (2k) 2 avdelingsleiarar (2k)
Tal klassar	8 (2.-3. og 6.-7. trinn går i lag) + SFO	Tal elevar	143

(tal frå GSI 01.10.23)

Bemanning

Dette skuleåret har me hatt ein lærar som har teke vidareutdanning innan spes.ped 1-10. Rektor har teke vidareutdanning innan leiing. Me har fire lærarar som har vore med på rettleiing for nyutdanna.

Utviklingsarbeid (Dekom, Oppfølgingsordninga og/eller anna utviklingsarbeid)

Me er godt i gang med Oppfølgingsordninga. Her er me inne i ei tredeling av utviklingsarbeidet for personalet på skulen. Der me i leiargruppa har leiarstøtte med fokus på lærande møte og rollefordeling. Me er no inne i arbeidet med å tydeleggjere mål for skulen vår. Elles er Skrivesenteret inne, og inspirerar lærarane til å lage gode opplegg innan skriving til eigen klasse. For det tredje så jobbar me med trygt og godt skulemiljø, her har me fokus på God start som blant anna inneber å saman utarbeide gode rutinar for skulen vår. Tilsette og særleg miljørettlearane har fått opplæring og god kunnskap om trygt og godt skulemiljø, der førebygging og kartlegging av skulemiljøet er sentralt.

Psykososialt miljø

I etterkant av resultata frå elevundersøkinga og høge mobbetal, har me hatt våre eigne undersøkingar for det aktuelle trinnet. Desse viser at det ikkje er mobbing på dette trinnet, verken frå lærarar eller andre elevar på skulen. Likevel arbeidar me førebyggjande og systematisk med skulemiljøet. Me har hatt nokre §9A-saker med aktivitetsplanar og møter med alle partar. Me ser at det er utfordrande å følge opp og ha oversikt over det som skjer på sosiale medier som snap og tiktok eller andre hendingar som skjer mellom elevane på fritida, som dei dreg med seg inn i skulen.

Det fysiske læringsmiljøet

Ungdomsskulen har fått nytt aktivitetsrom med biljard, bordtennis, ulike brettspel og ny sofa. I vinter har dette rommet vore hyppig brukt. Mellomtrinnet har fått nye, ergonomiske stolar i klasseromma. Småtrinnet har fått ny sekskantdisse og vippedisse. For å oppnå eit godt læringsmiljø

er det viktig at dei trivst og at skulen er ein god plass å vere i friminutta. Me har gode fasilitetar både ute og inne, med basseng, eit aktivt bibliotek, kantine, skulekjøkken og skulefrukost kvar fredag for 7.-10. trinn. Me har brukt nokre ressursar til to-lærarar og deling av klassar i grupper, der elevar med utfordringar har større læringsutbytte.

Digitalt utstyr

8. trinn fekk nye pc-ar seint i haust. Det har kome to nye tavler, på 7. og i 8. trinn. Frå 5. trinn og oppover har elevane eigen skule-pc. Me har nokre i-padar på deling for småtrinnet. Alle elevar på barneskulen har fått øyreklokker.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

Me er takknemlege for at me har eit velfungerande FAU, med faste møter ein gong i mnd, der rektor er med. FAU har søkt om og fått midlar til gapahuk, sekskantdisse, benkar, vippedisse, basketballstativ og diverse uteleiker. FAU har hatt vårdugnad på uteområdet to ettermiddagar, der dei blant anna har malt benkar og kanonballbanar. Gjennom SU har me fått god støtte frå politisk hald.

Utfordringsbilete

«Vedvarande låg motivasjon for læring frå 7.-10-trinn samanlikna med nasjonalt nivå, og for mange presterer på lågt nivå på NP 2018-2023 (bortsett frå engelsk 5. trinn), og for få på høgt nivå samanlikna med nasjonalt snitt.»

Målet vårt er at innan to år skal motivasjonen til elevane aukast frå 3,3 til 3,5, eller høgare, på elevundersøkinga. Og at andelen av elevar som kjem på meistringsnivå 1 og 2 er lågare enn andelen som kjem på nivå 4 og 5 på Nasjonale prøver.

Dette arbeidet er me i gang med i utviklingsarbeidet vårt gjennom Oppfølgingsordninga. Me har hatt meir fokus på nasjonale prøver, og den måten å jobbe på, med mellom anna like oppgåvetypar som ved nasjonale prøvar. Dette vert jobba med i klassane igjennom året. Når det gjeld låg motivasjon for læring, har me jobba med elevmedverknad, og kjem til å halde fram med dette arbeidet.

Me har hatt utfordringar med langtidssjukemeldte og få vikarar. Dette har tæra på avdelingsleiarar og andre tilsette i periodar, som har måtte tatt mykje ekstra. I periodar har dette også dessverre gått utover elevane si undervisning.

8.2. Tørvikbygd skule

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår	1937	Tal lærarar menn/kvinner	4 lærarar 1 mann/ 3 kvinner
Sist renovert/ nybygg/tilbygg	1990/ 2000	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	2 fagarbeidarar 1 miljørettleiar 3 kvinner
Tal klassar	3	Tal elevar	23

(tal frå GSI 01.10.23)

Bemanning

Tørvikbygd skule har ein lærar er under vidareutdanning i stipendordninga, medan me og ha ein lærar under grunnutdanning for lærar. Me merkar eit auka behov for vikarar i tida rundt eksamenar og oppgåveskriving, og har generelt behov for vikarar, då det er sårbart å ha få personar å fordela oppgåvene på.

Utviklingsarbeid (Dekom, Oppfølgingsordninga og/eller anna utviklingsarbeid)

Me er komen godt i gang med Oppfølgingsordninga. Det er ei tredeling av utviklingsarbeidet for personalet på skulen, og rektorane på Tørvikbygd og Ålvik skule samarbeidar ein del. Leiar har leiarstøtte med fokus på lærande møte og rolleavklaringar til ulike roller i skulen. Me er no inne i arbeidet med å tydeleggjera mål for skulen vår. Skrivesenteret er eit viktig kompetansemiljø. Kvam herad har knytt til seg i Oppfølgingsordninga og har gjeve gode døme og hjelper lærarane til å lage gode opplegg innan skriving til eigen klasse.

Vidare jobbar me med trygt og godt skulemiljø. Her har me fokus på God start som mellom anna inneber å saman utarbeide gode rutinar for skulen vår. Tilsette og særleg miljørettleiarane har fått opplæring og god kunnskap om trygt og godt skulemiljø, der førebygging og kartlegging av skulemiljøet er sentralt.

Psykososialt miljø

Me har hatt utfordringar med skulemiljøet på Tørvikbygd skule. Tilsette og særleg miljørettleiar, har lagt ned ein stor innsats, saman med lærarane i denne klassen. I tillegg har me samarbeidd tett med og hatt god hjelp av PPT. Tiltak som er sett i verk er å laga trygge rammer for elevane med autoritative tilsette med lik praksis og at alle tilsette har lik grensesetjing for lek som kan utvikla seg til eit utrygt skulemiljø.

Det fysiske læringsmiljøet

Me er heldige og har eit godt fysisk læringsmiljø ved Tørvikbygd skule. Skulen har både kunstgrasbane og ballbinge, i tillegg til disser og nokre leikeapparat. Ein del av desse leikeapparata er for gamle, og vil ikkje tole dagens HMT- krav. Her har politikarane vore framsynte og velviljuge, og løyvd pengar, som FAU ved Tørvikbygd skule har fått tildelt. Ein er difor godt i gong med å skifte ut gamle leikeapparat med nye.

I tillegg kan ein nemne det flotte tur- terrenget i området, som skulen nyttar mykje i undervisninga. Her har mellom anna skulen sitt eige område med gapahuk, og bål plass.

Digitalt utstyr

Elevane har PC ein til ein frå 3. trinn, og nokre PC-ar og nettbrett på 1. og 2. trinn.

Skulen har nye og gode smart- tavler. Me har og projektor- tavler som me treng å byta ut.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

Det har vore sju FAU- møte. Rektor har vore til stades på fem av dei. Då FAU fekk tildelt midlar til skulen sitt uteområde, har dette vore fokus på møta inneverande skuleår.

Utfordringsbilete

Skulen har over lengre tid hatt lesing og skriving som fokusområde ut frå resultat frå nasjonale prøvar. Dette er viktige område, også med tanke på resultat i engelsk og rekning. Tiltak sett i verk er lesekvart, leseaksjon, fokus på lesing i alle fag og meir bruk av biblioteket i undervisninga. Målet er at under 20 % av elevane skal vera på nivå ein i rekning, lesing og engelsk.

I tillegg er det og ein utfordring at det er vanskeleg å få tak i tilstrekkeleg med vikarar i løpet av skuleåret, og rekruttera undervisningspersonale til skulen generelt.

8.3. Norheimsund skule

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår		Tal lærarar menn/kvinner	37 lærarar 8 menn, 29 kvinner Rektor, kvinne 2 avd.leiarar, kvinner
Sist renovert/ nybygg/tilbygg		Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	16 fagarbeidarar/ass2 2 menn, 14 kvinner 2 miljørettleiarar, kvinner SFO-leiar, kvinne
Tal klassar	14	Tal elevar	285

(tal frå GSI 01.10.23)

Bemanning

3 lærarar tek vidareutdanning gjennom Udir dette skuleåret:

- To lærarar tek spesialpedagogikk 1, 1-10 trinn. Ein på stipendordning og ein på vikarordning.
- Ein lærar tek profesjonsfagleg digital kompetanse 1-10 trinn, vikarordning.

To andre lærarar starta i januar 2024 på studiet norsk som andrespråk.

Skulen har mangla avdelingsleiar 1.-4. trinn frå oktober 2022. Det vert tilsett ny avdelingsleiar frå 01.01.2024, men grunna vidareutdanning jobbar ho berre tre dagar i veka fram til 10. juni 2024.

Skulen har hatt mellom 5 og 7 langtidssjukemelde gjennom heile skuleåret, og anna fråvær / permisjonar som har vore utfordrande for læringsmiljøet til elevane. Vikarane som har vore nytta er ufaglærte, og for å få det til å gå rundt har me auka opp fagarbeidarar i reduserte stillingar. Vikarar som vert nytta er utan lærarutdanning.

Utviklingsarbeid (Dekom, Oppfølgingsordninga og/eller anna utviklingsarbeid)

Skulen er komen godt i gong med Oppfølgingsordninga.

Her er det ei tredeling av utviklingsarbeidet for personalet på skulen.

Rektor og avdelingsleiarane har fått leiarstøtte med fokus på lærande møte og rolleavklaringar. Me har sett på resultata frå elevundersøkinga, nasjonale prøver og 10-faktor undersøkinga for å setja oss mål i det vidare arbeidet. Me er på god veg til å innarbeida gode rutinar for skulen på eit strategisk nivå.

Skrivesenteret er inne, og gjev gode døme og hjelper lærarane til å lage gode opplegg innan skriving til eigen klasse. Dette for å auka kvaliteten på ordinærundervisninga.

I tillegg jobbar me med trygt og godt skulemiljø. Her har me fokus på God start som blant anna inneber å saman utarbeide gode rutinar for skulen vår. Tilsette og særleg miljørettleiarane har fått

opplæring og god kunnskap om trygt og godt skulemiljø, der førebygging og kartlegging av skulemiljøet er sentralt.

Psykososialt miljø

Elevundersøkinga viser auke i tal på elevar på 7. trinn som opplever mobbing. På 5. og 6. trinn ligg me under landsgjennomsnittet når det gjeld mobbing. Skulen har fleire 9A saker, og dei vaksne/ og eller foreldra varslar rektor når det er mistanke om elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Miljørettleiarane er tett på elevane i friminutta og rettleiar lærarane i skulemiljøsakene. Me ser at høgt sjukefråvær blant tilsette utgjer ein risiko for at vaksentettleiken ikkje alltid er god nok, spesielt ute og i overgangssituasjonar. Trivselsleiarane er aktive ute i friminutta og legg opp til kjekke aktivitetar og leik.

Det fysiske læringsmiljøet

Skulen er enno fin å sjå til, men det er slitasje i enkelte rom og grupperom. Skulen er bygd for 260 elevar og garderoibesituasjonen kan vera utfordrande. Det er laga til oppheng for klede og sekker andre stader for at alle skal oppleva garderoibesituasjonen som god. Skulen har eit stort behov for grupperom då me har fleire elevar med omfattande behov. Me har utarbeidd eit eige rom/basen for elevar med autisme, og det skal setjast inn nytt toalett og kjøkenkrok for å betre kvardagen for elevar og tilsette som nyttar rommet. Det skal vera ferdig til skulestart august 2024. Barnetalet på SFO har auka, og me hadde ved skulestart 100 barn i SFO. Matsituasjonen kan vera utfordrande, men det har gått seg til. Neste skuleår er barnetalet opp mot 120, og ein ser for seg å ta i bruk alle klasseromma til 1. og 2. trinn for å laga til god måltidsopplevingar for barna.

Skuleplassen er inngjerda grunna byggjeaktivitet på nye Kvam vgs. Dette gjer at me har fått mindre uteareal, men me gler oss til nytt område med ballbinge opnar seinare i vår.

Digitalt utstyr

Skulen har elev-PC til alle elevane frå 3. til 7. trinn. Kvaliteten på ein del maskiner er dårleg, særleg dei maskinene til 3. trinn. 1. og 2. trinn har Ipad av ulik kvalitet, og det er ikkje klassesett. Det er eit ynskje at elevane på 1. til 2. trinn får eigen PC. Det er smart-board og skjermar i alle klasserom, men av ulik kvalitet. Skulen fekk 5 nye skjermar april 2024.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

Skulen har eit godt samarbeid med FAU. Dei søkte om midlar innan 31.12.2023 og fekk innvilga pengar som skal nyttast til nytt dekke på fotballbanen og skur til utstyr oppe i Orrehaugen. FAU dekkja på og laga mat til skuleballet før påske.

Utfordringsbilete

Ei av de største utfordringane er om me får tilsett nok lærarar og fagarbeidarar til neste skuleår. Det er også viktig at skulen har ringevikarar ved sjukdom.

Ein annan utfordring er auken av elever som treng spesialundervisning, både sosiale og faglege vanskar. Skulen har utarbeidd eit godt støttesystem som er meir retta mot intensiv opplæring /

kurs. Neste skuleår skal det være lærarar som får nytta heile stillinga si i støttesystemet og som igjen skal gjera det lettare å utnytte ressursen fleksibelt.

Nasjonale prøver i engelsk visar ein nedgang i resultata dei to siste åra. Det er fleire elevar på nivå 1 enn tidlegare. Skulen har sett på kva tiltak me kan setja inn og har fordelt dei lærarane med engelsk på trinna. Neste skuleår er det lærar med engelskkompetanse på alle trinna, og skal kartleggja elevane meir enn tidlegare for å kunne følgja opp betre.

8.4. Øystese skule

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår	1939/1959	Tal lærarar menn/kvinner	27 lærarar 10 menn, 17 kvinner
Sist renover/nybygg/tilbygg	1997	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	7 assistentar, 2 miljørettelærarar 1 SFO-leiar. Totalt 9, 0 menn 9 kvinner
Tal klassar	14	Tal elevar	253

(tal frå GSI 01.10.23)

Bemanning

I undervisningspersonalet er det ei nokolunde jamn fordeling mellom menn, kvinner og alderssamansetjing. Tre lærarar har delteke på vidareutdanning i år. Studia er Ikt i skulen, spesialundervisning og norsk som andrespråk.

Utviklingsarbeid

Det er jobba med tre satsingsområde. Lesing og skriving, trygt og godt skulemiljø og leiarstøtte. Me har sett oss mål for satsingsområda og me brukar lærande møter (arbeidsmetodar som aktiverer møtedeltakarane) i øktene med utviklingsarbeid. Måla våre er at me innan to år skal ha eit mobbetal på under 10 % på 7. trinn og at me skal ha eit betre resultat enn landsgjennomsnitt i lesing på nasjonale prøver .

Psykososialt miljø

Elevundersøkinga fortel at elevane trivst på Øystese skule. Undersøkinga seier i tillegg at det er varierende mobbetal på mellomtrinnet. Skulen arbeider kontinuerleg for eit godt psykososialt miljø. Hovudstrategien for å få eit stabilt lågare mobbetal er systematisk arbeid for å nå målet som er omtala i avsnittet ovanfor. I systematikken ligg jamlege undersøkingar av miljøet og pedagogiske analyser for å finna dei oppretthaldande faktorane.

Det fysiske læringsmiljøet

Det er for dårleg tekniske løysingar for å regulera inneklima. Temperaturen er ustabil, i for stor grad i takt med vêr og vind. Bygningane er slitne og eit ustabil inneklima kan påverka læringsmiljøet til elevane negativt. Uteområdet har fleire kvalitetar med fotballbane og ballbinge.

Dei fleste av dissene har fått nye sete og kjetting. Om vinteren har me eit område som eignar seg til aking og leik i snø. Me manglar plass å vera på uvêrsdagar. Vidare oppgradering av uteområde vert litt på vent grunna ei ventande utbygging. Ei anna utfordring er å halda visst nivå på vedlikehaldet av skulen i tida fram mot nybygg, slik at det også er gode fysiske føresetnader for elevane i denne perioden.

Digitalt utstyr

Elevane har PC ein til ein frå 4. trinn. På 3. trinn er det omlag 2 personar pr. PC. Det er nokre PC-ar og nettbrett til bruk for på 1. og 2. trinn, men desse er av dårleg kvalitet.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

FAU har hatt fleire møte gjennom året. Rektor har delteke på to SU/FAU-møte. Skulen har eit aktivt elevråd som også er eit viktig samarbeidsorgan.

Utfordringsbilete

I samband med arbeidet i Oppfølgingsordninga, har skulen utarbeidd mål når det gjeld nasjonale prøvar og trygt og godt skulemiljø. Øystese skule har for få elevar på det høgaste nivået i lesing på nasjonale prøvar, og skulen har difor som mål at innan 3 år skal minst 30 % av elevane vera på nivå 3 (det høgste nivået). Det er varierande mobbetal på mellomtrinnet. For å få ned mobbetalet kartlegg me miljøet jamleg for å setja inn eigna tiltak.

8.5. Kvam ungdomsskule

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår		Tal lærarar menn/kvinner	Kvinner 16, menn 14
Sist renovert/ nybygg/tilbygg	2008	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	Miljørettleiarar 2 kvinner Fagarbeidarar 4 kvinner
Tal klassar	12	Tal elevar	260

(tal frå GSI 01.10.23)

Bemanning

Dette året har me fire lærarar som tek vidareutdanning, ein tilsett tek fagarbeidarutdanning og ein leiar gjennomfører rektorutdanning. Året har vore svært utfordrande med høgt fråvær over tid. I tillegg starta me året utan kvalifiserte lærarar i musikk og kunst og handverk. Det var ikkje nok kvalifiserte søkjarar for å dekkja skulen sitt behov.

Utviklingsarbeid

Kvam ungdomsskule er, som resten av Kvammaskulen, med i Oppfølgingsordninga. Me har fokus på å utvikla den ordinære undervisninga, samt implementera rutinane i skulemiljøsaker og BTI. Leiarteamet på skulen har fått leiarstøtte dette året.

Psykososialt miljø

Undersøkingar viser at me har ulik trivsel på skulen vår, og framleis elevar som vegrar seg for å gå på skulen. Godt samarbeid med alle involverte partar har tryggja mange elevar til ein føreseieleg skulekvardag. Nærvær av hjelpetenestene på skulen gjer samarbeidet godt og føreseieleg. Det har dette året vore fokus og bruk av aktivitetsplan i samband med skulemiljøsaker. Miljørettleiarar og helsesjukepleiarar har med sitt arbeid bidratt til samtalar med einskildelevar, tid i klassane, og aktivitetar. Dette har vore avgjerande for læringsmiljøet til elevane. Det vert jobba aktivt med trygt og godt skulemiljø og skulen ser at det må vera fokus på det systematiske arbeidet med rasisme, mobbing og rusførebygging.

Skulen har hatt ei auke av episodar med vald og trugslar mot medelevar og tilsette på skulen, som er alvorleg. Samstundes er det mangel på vikarar som gjer at elevar ikkje får den oppfølginga dei treng.

Det fysiske læringsmiljøet

Det er eit kontinuerleg behov for oppgradering og vedlikehald på skular med mange elevar som Kvam ungdomsskule, og samstundes veit me at det fysiske miljøet til elevane er ein viktig faktor for trivsel og såleis eit tiltak for eit trygt og godt skulemiljø. Me har ein forholdsvis ny skule med gode fasilitetar når det gjeld klasserom. Men med store kull på skulen, er fellesareal og uteområde noko me saknar oppgradering på:

- Tak over amfiet for meir elevaktivitet
- Ei betre løysing for parkering, slik at handballbana vert frigjort til føremålet ho er tiltenkt
- Utvendig solskjerming
- Generelt vedlikehald med vask av vindauge utvendig
- Fleire grupperom
- Opphaldsrom for elevane inne på skulen for å unngå at elevane oppheld seg i tronge korridorar og for lita kantine

Digitalt utstyr

Nye PC ar til 8.klassingar gjer at PC – utstyret til elevane no er relativt god. Skulen manglar smarttavler i nokre klasserom.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

Skulen har hatt jamlege møte med FAU. Me har saman arrangert vårball.

Utfordringsbilete

Skulen har i samband med Oppfølgingsordninga arbeidd med mål for skulen. Me har hatt vedvarande dårlege resultat på Elevundersøkinga som er knytt til motivasjon og elevmedverknad. Målet til skulen vert difor å liggja over landsgjennomsnittet på motivasjon for læring og

elevmedverknad i alle klassar på alle trinn. Tiltak kan mellom anna vera eit meir aktivt elevråd, meir inkluderande undervisningssituasjonar, meir variert undervisning, og med tanke på vurderingssituasjonar og at elevane er med i planleggingsfasen av undervisningsøkter. Dette arbeidet er førebels i planleggingsfasen.

8.6. Ålvik skule

Om skulen		Personalressursar	
Byggjeår	2017	Tal lærarar menn/kvinner	7 kvinner 1 mann
Sist renovert/ nybygg/tilbygg	2017	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	4 kvinner
Tal klassar	4	Tal elevar	41

(tal frå GSI 01.10.23)

Bemanning

Ålvik skule har dette skuleåret hatt ca. 6,5 årsverk med lærar, ca. 2 årsverk med fagarbeidar, 1 årsverk med rektor og 0,4 årsverk med miljørettleiar. Ein lærar har teke vidareutdanning i spes.ped. på vikarordning gjennom Udir.

Det har vore eit år med stort sjukefråvær, og lite tilgjengelege vikarar. Me har lyst ut lærarstilling i løpet av året, men me har ikkje hatt kvalifiserte søkjarar.

Utviklingsarbeid (Dekom, Oppfølgingsordninga og/eller anna utviklingsarbeid)

Utviklingsarbeidet dette året har dreia seg om Oppfølgingsordninga og fokusområda:

- Trygt og godt skulemiljø.
- Utvikle den ordinære undervisninga med fokus på skriving og lesing.
- Leiarstøtte med fokus på leiing av utviklingsarbeid og lærande møter.

Psykososialt miljø

Elevundersøkinga gjennomført hausten 2023 viser at elevane våre stort sett trivst. Likevel ser me at det er klassar der me treng å ha ekstra fokus på trivsel og læringsmiljø. Her har me sett inn mange tiltak, og miljørettleiar har vore aktivt inne for å forebygge og trygge elevane. Me arbeider kontinuerleg for å skapa eit trygt og godt læringsmiljø, og på å nytte dei rutinane som høyrer til. Tre dagar i veka har me trivselsleiarar blant elevane som legg til rett for god aktivitet i storefri.

Det fysiske læringsmiljøet

Dei fysiske tilhøva ved skulen er stort sett gode, sjølv om gamlebygget (gymsalbygget) treng noko renovering. Noko av leikeplassutstyret vårt er 25 år gammalt, og treng fornying. Huskestativet med seks disser på vart rive før skulestart og me arbeider med å erstatte dette i samarbeid med FAU.

Skliehuset må nok òg rivast innan året er omme. Leikeplassen er mykje i bruk også på ettermiddag og kveld.

Digitalt utstyr

Alle klasserom har digitale tavler, som er i mykje i bruk, men projektorane syng på siste verset, så det vert godt å få nye interaktive tavler i alle klasserom til neste år.

Frå og med 5. trinn har alle elevar kvar sin PC tilgjengeleg, men me saknar PC'ar til småtrinnet. Elevane i 1.-4. har nokre tilgjengelege nettbrett, men nettbretta har sett sine beste dagar, så dei ynskjer me å erstatte med PC'ar.

Skulen sitt samarbeid med SU/FAU

FAU har hatt møte der tema har vore midlar til uteområdet. Det har òg vore fleire møter mellom rektor og FAU-leiar kring det same temaet. Det har vore fire foreldremøte: hausten 2023 hadde me eitt for heile foreldregruppa og våren 2024 hadde me eitt for småtrinnet og to for mellomtrinnet. Foreldremøta har hatt innlegg frå rektor, kontaktlærarar, helsesjukepleiar, Familiesenteret, og frå ein representant frå Samfunn, næring og kultur. Tema på møta har vore «Foreldrerolla i møte med sosiale media. Nettvett og speling. Trygg digital oppvekst», «Foreldrerolla i eit inkluderande fellesskap», «Informasjon om Skulehelsetenesta» og «Trygt og godt skulemiljø».

Utfordringsbilete

Stort fråvær og mangel på både kvalifiserte og ukvalifiserte vikarar har vore den største utfordringa dette året. Dette har gått mest ut over støttetimar og undervisning i spes.ped. og SNO, utviklingsarbeidet i Oppfølgingsordninga og bemanninga på SFO. For å få det til å gå rundt har me blant anna måtta nytta fagarbeidarar som lærarar, rektor som vikar og tilsett fire alderspensjonistar som ringevikarar. Skulemiljøutfordringar har gjort at me har me valt å fokusere mest på «Trygt og godt skulemiljø» av dei tre fokusområda i Oppfølgingsordninga.

8.7. Vaksenopplæringa

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår		Tal lærarar menn/kvinner	10 lærarar 2 menn/ 8 kvinner
Sist renovert/ nybygg/tilbygg	2023	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	0
Norskavdeling «Integreringslova»		Tal elevar pr.okt.2023	71
Grunnskuleavdeling «Opplæringslova»		Tal elevar pr.okt.2023	7
Spes.ped.avdeling «Opplæringslova»		Tal elevar pr.okt.2023	18

Bemanning

Kvam VO har god bemanning med tilsette som har vidareutdanning innan norsk som andre språk. I den nye integreringslova blir det stilt krav om dette.

Utviklingsarbeid

Dette skuleåret har me hatt fleire samlingar med arbeid med ny læreplan FOV - førebunde opplæring vaksne/grunnskule vaksne. Kvam VO samarbeider med dei andre vaksenopplæringsssentra i Hardanger/Voss kompetanseregion i arbeidet med implementering av ny læreplan. Den nye læreplanen skal gjelda frå 01.08.24 og skal erstatta læreplanverket LK20. Alle faga (norsk for språklege minoritetar, norsk, samfunnsfag, naturfag, matematikk, engelsk og grunnmodul – grunnleggjande lese -og skriveopplæring) har eigne læreplanar og delte inn i fire modular. Faga i FOV har eit vaksen- , andrespråks -og ressursperspektiv. Opplæringa skal vera tilpassa dei vaksne og deira læringskontekst.

Psykososialt miljø

Dei tilsette har delteke på kurs i førebygging og handtering av vald og truslar (kurs frå Løvstadskulen). Vaksenopplæringa har også gjennomført førstehjelpskurs i regi av Bedriftshelse 1.

Det fysiske læringsmiljøet

Undervisningslokala me har pr. i dag er gode og sentralt plassert i Norheimsund.

Digitalt utstyr

Me nyttar digitalt utstyr som smartboard, men fleire av tavlene treng utskifting til nyare og betre versjonar. Alle elevane treng PC sidan læreverka er knytt til digitale læringsressursar. Det er utfordrande å ha nok ressursar til dette kostbare utstyret.

Utfordringsbilete

Det vil alltid vera utfordrande å fortløpande ta i mot nye elevar til ulike tider som skal læra norsk gjennom skuleåret og til ei kvar tid kunne gje alle individuelt tilpassa opplæring. Me prøver å løyse dette med å la alle få starte nokre månader i ei oppstartgruppe før dei vert «slusa» vidare til ei

gruppe som er tilpassa nivået dei er på. Alt etter kva progresjon dei har, vil dei bli overført til høgare nivå i andre grupper.